
Saksnr: 2020/77152-1
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		02.12.2020

Møteplan for 2021 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**Forslag til vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2021 for rådet sine møter slik den ligg føre.

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha minst seks møter kvart år, og rådet vedtek sin eigen møteplan. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplan for 2021 vert endeleg fastsett.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Lotte Lynngård
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Medverknadsorgana er forankra i kommunelova § 5-12, der det følgjer at «[k]ommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom», jf. første ledd. Vidare følgjer det av bestemminga sitt fjerde ledd at «[r]ådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.»

For å kunne sikre medverknadsretten som følgjer av denne bestemminga, inkludert tid til å førebu sakene og koordinere møteplan med dei andre medverknadsorgana og utvala, bør ein fastset møtedatoar for heile 2021.

Når møteplanen for 2021 skal leggjast er møtedatoane i fylkesting, hovudutvala eit viktig utgangspunkt. Det vil vere viktig å planlegge møteplan for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne på ein slik måte at ein uttale frå medverknadsorganet i ei særskilt sak skal kunne følgje saksgangen hovudutval-fylkesutval-fylkesting, slik at ei eventuell tilråding/uttale kan vere klar før saka vert lagt fram for det politiske organet som skal gjera endeleg vedtak.

Møtedagane fell stort sett på onsdagar for rådet. Datoar vert fastsett i møtet.

Til informasjon følgjer nokon datoar ein bør ta omsyn til når datoar for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fastsettast.

I Fylkestinget vart følgjande datoar vedteke den 29.09.20 (PS 108/2020): 10./11. mars, 16./17. juni, 29./30. september, 15./16. desember.

Fylkeseldrerådet har ikkje vedteke, men har følgjande forslag: 14. januar, 2. mars, 15. april, 10. juni, 16. september, 14. oktober, 4. november, 9. desember

Når det gjeld møtestad er det, slik prosjektleiar vurderer dette i saksframlegget til PS 56/2019 i Fellesnemnda, eit føremålstenleg prinsipp for geografisk spreing av møta. Det følgjer mellom anna at i medverknadsorgana, her rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, skal omlag 50% av møta vera i Bergen, 25% i Førde eller Leikanger, og at 25% er videomøte.

Med tanke på coronasituasjonen vi står ovanfor er det nok også lurt å ta dette med i vurderinga.

Vedtakskompetanse

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fastset sjølv sin eigen møteplan.

Vurderingar og verknadar

Økonomi: Møter i rådet vert å dekkja innafør eige budsjett.

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: ikkje relevant

Regional planstrategi: ikkje relevant

Konklusjon

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert beden om å fastsetje dato for rådsmøta i 2021.